



Kvinnherad kommune

Kommunalteknikk

Hordaland fylkeskommune

19 OKT 2016

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen



Saksbehandlar
Sigbjørn Øye

Tlf. direkte innval
91531482

Vår ref.
2016/2215-3

Dykkar ref.
2015/5194-6

Dato
17.10.2016

Overtaking av Borgundøy og Fjelbergøy ferjekaiar

Viser til tidlegare korrespondanse i saka, og seinast Dykkar brev av 01.06.2016 og 13.09.2016.

Kvinnherad kommune er samd med Hordaland fylkeskommune i at ferjekaiane på Fjelbergøy og Borgundøy bør bli fylkeskommunale. Vi har tidlegare signalisert at vi ynskjer inndecking på 50 % av utbyggingskostnaden med ny Borgundøy ferjekai, anten i form av direkte refusjon på kr. 4,25 mill. kroner, eller i form av årlege rente- og avdragskostnadar.

Etter ei totalvurdering har vi kome til at vi kan vera med på at kaiane så snart som mulig vederlagsfritt vert overført fylkeskommunen.

Vi er snart i hamn med eit utgreiingsarbeid, der fleire kommunar har til hensikt å gå inn i eit interkommunalt hamnesamarbeid med Stord Hamnestell. Dette bl.a. for å få til like anløpsgebyr, kaivederlag m.m. for trafikkerande skipsfart. Kvinnherad kommune fakturerer (etter skriftleg avtale) Fylkeskommunen årleg kr. 100.000,- som samla anløpsgebyr/kaivederlag for trafikken på aktuelle kaiar i Kvinnherad. Som før signalisert ynskjer vi reforhandling av denne avtalen, og frå 01.01.2017 har vi som mål å innføra gebyr etter Stord Hamnestell sine gebyrvedtekter og krone- nivå.

Vi er klare for å skriva avtale med Dykk om overdraging av dei 2 ferjekaiane, og som tidlegare avtalt kan Kvinnherad kommune ordna med, og ta kostnadane med frådelling.

Vi har forstått det slik at Fylkeskommunen oversender avtaleutkast.

Med helsing

Sigbjørn Øye

Sektorleiar Teknikk og miljø

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Odd Ivar Øvregård